

Årsmelding – Eikefjordhallen og Eikefjord stadion - 2023


Eit vanleg fenomen i idrettshallar (og andre bygg som vert brukt av innbyggjarar i alderen 0-99 år) så vert det ei opphoping av gjengløynde kle, sko og andre gjenstandar, og vi starta 2023 med å ta bilde av kle- og skohavet og annonsere dette ut til bygda: «Kom og hent før det vert gitt vekk». Ein god del vart henta og ein god del vart sendt vidare til andre som kan treng det. Dette er nok noko som må gjerast med jamne tidsrom når ein driftar ein hall (ja, det nærmar seg ny runde).




Ein del av jobben med å drifte hallen er å administrere utleige, og dette vert gjort gjennom www.bookup.no. Leiar av hallstyret har oversikt over tilgjengelegheita, godkjenner bookingar som vert gjort og sender ut faktura for dette i slutten av kvart kvartal. Brukarar av hallen på ettermiddagstid er fyrst og fremst EIL sine egne grupper, men skulen har herredøme over hallen på dagtid, og det er derfor viktig for EIL å ha eit godt samarbeid her.

Tidspunkt	MÅNDAG			TYSDAG			ONSDAG			TORSDAG			FREDAG			LAURDAG			SØNDAG																												
	SAL 1	SAL 2	SAL 3	SAL 1	SAL 2	SAL 3	SAL 1	SAL 2	SAL 3	SAL 1	SAL 2	SAL 3	SAL 1	SAL 2	SAL 3	SAL 1	SAL 2	SAL 3	SAL 1	SAL 2	SAL 3																										
1000-1100	SKULETID																																														
1100-1200	SKULETID																																														
1200-1300	SKULETID																																														
1300-1400	SKULETID																																														
1400-1500	SKULETID																																														
1500-1600	SKULETID																																														
1600-1630	SKULETID																																														
1630-1700	SKULETID																																														
1700-1730	Fotball J 2013/14			Fotball J/G 6-8			Handball J 9/10			Allidrett 2-5 år			Basket 2-6			Handball J11/12			Fotball storgruppe 2010-13, 2007-09																												
1730-1800	Fotball G 2013/14			Handball J/G 13			ETS Allidrett funksjonell 6-9 år			Fotball 7 klasse 2015/16			Handball G9/10																																		
1800-1830	Fotball G 2013/15			Handball J/G 13			Fotball J 2010			Kinn brannvesen			Fotball A-lag																																		
1830-1900	ETS funksjonell			Basket J/G 2009-																																											
1900-1930																																															
1930-2000																																															
2000-2030																																															
2030-2100																																															
2100-2130																																															
2130-2200																																															

13. april 2023 gjennomførte vi eit samarbeidsmøte der representantar for alle brukarar av hallen var til stades (EBU, handball, basketball, fotball, allidrett og ETS). Då vart vi einige om treningstider for det neste halvåret, reglar for bruk av hallen og rutiner/samarbeid om utstyr og bruk av lageret. Det er viktig at vi har ein arena for å treffast, drøfte utfordringar som kan oppstå når vi alle skal bruke same areal og deretter finne løysingar saman.



Ein stor del av jobben til hallstyret har også vore å styre tilgangen til hallen. Dette kan vere å lage nye nøkkelkort til brukarar, opne dørene i adgangssystemet til diverse treningar og arrangement og vere tilgjengeleg for eksterne aktørar som leiger hallen. Dette er ein jobb som krev at ein er effektiv (nøkkelkorta vert produsert 2-3 dagar etter bestilling) og fleksibel (ein må vere tilgjengeleg på ettermiddag/helg viss det vert naudsynt). Derfor burde hallstyret i framtida bestå av fleire enn undererteikna.



Det har vore eit mål om å få Eikefjord stadion ut på www.bookup.no og i romjula vart dette publisert. Men det har ikkje vore høve til å gjere booking på denne her endå, då ein har vinterstengt kunstgrasbana fram til 1. mars. Viss ver og forhold tillèt det, så er det mogleg å bruke bana før den tid, men då dette avtalast med leiar i fotballgruppa.



Hallstyret v/ Inger Johanne Sørbø